



Alversund Maskinstasjon AS  
Ove Myking  
Buhaugen 6  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4075 - 21/34971

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
26.05.2021

## Eit-trinns løyve til etablering av parkeringsplass - gbnr 347/9 Rossland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 600/21  
**Tiltakshavar:** Alversund Maskinstasjon AS  
**Ansvarleg søkjar:** Alversund Maskinstasjon AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve eit-trinns løyve for etablering av parkeringsplass på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.11.2020 og profildeikningar av 14.04.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 19.11.2020.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Dokumentasjon på at naudsynte sikringstiltak for å hindre fall er gjennomført.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av parkeringsplass i tilknytning til dagsturhytte i området. Det er gjeve dispensasjon frå plankravet i APM-019/21 datert 03.02.2021.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.04.2021. Opprinneleg er det søkt om rammeløyve, men kommunen har etter vurdering av søknaden omgjort den til eit-trinns handsaming.

#### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som framtidig idrettsanlegg I\_3.

#### **Dispensasjon**

Det er gjeve dispensasjon frå plankravet i APM-019/21 datert 03.02.2021.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt ettersom dette er avklart i høve til dispensasjon.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.11.2020.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere om lag 10,3 meter. Vegstyresmakta har i vedtak datert 19.11.2020 gjeve dispensasjon til plassering minst meter frå offentleg veg.

#### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Avkøyrsløse til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak datert 19.11.2020 på vilkår.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser syner parkeringsarealet. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **VURDERING**

#### **Plassering**


Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Terrenghandsaming**

Søklar opplyste i søknad om dispensasjon at:

*«Tiltaket omfattar mindre inngrep i landskapet og det vil ved utbygging bli lagt vekt på god visuell tilpassing i terrenget med stadeigen vegetasjon.»*

Basert på Google Street View ser området det er planlagt inngrep sånn ut;



Tiltak omfattar inngrep i terreng. Det vil, basert på profildeikningar, bli etablert skjeringar oppimot 6 meter på nokre stader – men i hovudsak vil skjeringane ligga på mellom 4- 5 meter.

Sjølve inngrepa er vurdert til å vera naudsynte for etablering av parkeringsplass. Tiltaket er såleis ikkje revisibelt utan at det vert synlege merker i terrenget, men det vil ikkje bli gjort større tiltak enn det som er naudsynt for gjennomføring av tiltaket. Sjølve tiltaket er ikkje spesielt omfattande for landskapet sett i sin heilheit. Tiltakshavar har opplyst at dei legg til rette for gode visuelle kvalitetar knytt til tiltaket. Kommunen vurderer difor at vilkåra i gjeldande KDP 1.7.3 om estetikk er ivaretatt.

Grunna høga på skjeringa, legg kommunen til grunn at toppen av skjeringa blir sikra for fall.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det er inngått avtale mellom Alver kommune og eigar av gbnr 347/9 om leige av tomt til etablering av parkeringsplass på del av gbnr 347/9 datert 22.10.2020.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/4075**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggetaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

5\_KART\_Situasjonsplan\_DEL 2\_Bilag 6A\_Situasjonskart\_G.nr.347 B.pdf  
6\_KART\_Situasjonsplan\_DEL 2\_Bilag 6B\_Situasjonskart\_G.nr.347 B.pdf  
7\_TEGN\_TegningNyPlan\_Presentasjonstegning.pdf  
8\_TEGN\_TegningNyttSnitt\_Snitt parkeringsplass Rossland.pdf

#### **Mottakarar:**

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6

5911

ALVERSUND